



Stadig haglar det inn med svar, og dei fleste er rette. Fleire nye innsendarar vert med i konkurransen, og det er sjølvsgatt ikkje for seint å koma igang. Her er det berre å verta med på moroa! I dag er vi tilbake til karnevalstida, og vi presenterer nye kjentsfolk i uvante og fine kostymar. Og de får sjølvsgatt eit lite vers til hjelp.

Dagens vers:

To unge jenter på karneval
er no passert sine 50 år.
Den eine er for lengst flytta frå Uskedal
medan hi sin heim i Korsnes står.

Dette er ei to-poengsoppgåve. Eitt poeng for kvar rett person. Trur de at de kjenner den eine eller begge, er det berre å senda inn svaret som sms til 932 88 237 eller som epost til thordossland@gmail.com. Svarfrist er 27.12. kl.23.59.

På julebukkoppgåva vår i går var det mange som sende inn svar. Variasjonen i svara fortel at den ikkje var heilt lett, og at det er mange søskenpar som har gjort inntrykk når dei har gått julebukk. Blant svara fann eg Monika og Richard Haugland, Jan Morten og Halgeir Snilstveit, Hilde og Roy Døssland, Camilla og Emma M. Ripel, Åse og Olav H. Bringedal og Jonas og Kristian K. Hansen. Gode forslag! No viste det seg at julebukkane var så godt utkleddde at sjølv ikkje konkurranseleiinga hadde kontroll. Heldigvis garderte eg meg litt og skreiv at verseteksten var styrande.

Rett svar ut frå teksten var **Trude Helen og Bjarte Døssland og Jørn og Tom Daniel Øyrehagen Sunde.**

Julebukkane på biletet var derimot f.v. **Tom Daniel Ø. Sunde, Trude Helen Døssland, Trond L. Myklebust og bror hans Øyvind Myklebust.** Begge svaralternativa fortener sjølvsgatt full poengutteljing i konkurransen.

Det er berre å hiva seg med. Mulighetene til både premier på 5 flaxlodd og heiderleg omtale bør framleis frista.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland